

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2012

Varhaug marken 1. og 2. juni

Side 2-3

Ueland slekta

Side 8-9

Åpning av kunstgras- banane

Side 10

Mødeplassen

Side 29



Dugnad i Klokkeparken

side 22



Varhaugmarken for 31. gang!

Fredag 1. og Lørdag 2. juni er det igjen tid for varhaugmarken. Kommiteen er allerde godt i gang med arbeidet for å få til ein innholdsrik og kjekk marknad.

Me hadde i midten av januar allmøte om marken i «gamle posten», der ca 15 personer møtte. Fleire ideer kom på blokka, og nokon arbeidast det vidare med. Eit nytt innslag på årets marken er kunstutstilling, som vil foregå i dei gamle lokala til SR-bank. Me har vore i kontakt med mange lokale kunstnarar på Varhaug, og samtlige har vore positive til å delta med alt frå knivar og treskjæring til kunstmaling i ulike former.

Marken vil i år foregå samme helga som Jærdagene på Bryne. Både komiteen og deltarane på allmøte var enige om at me held på denne helga og arrangerer marken på samme vis som før. Frokost, Varhaugmila, barneløp, og musikk i mange ulike former, er faste innslag i år som tidlegare. Det blir og uteserving i sentrum i regi av idrettslaget.

Markenskomiteen 2012

Gordon Bø
Håvard Skretting
Heidi D. Bø
Berit Skretting
Britt Jorunn Berentsen
Jan Christian Vasshus
Frank Håland
Morten Tjemsland

Bygdekvinnelaget sitt bidrag til utstillinga i banken.

I fleire år har bygdekvinnelaget hatt strikke kafé første måndag i månaden. Noko av det medlemmane har laga, stillar dei ut i banken.

Kanskje kan me utvida det til neste år med broderi av ymse slag?

Bjørge R.H.

Program Varhaugmarken 2012

Fredag 1. juni

17.00	Marken er i gang
17.00	Sang av elever frå 7. klasse frå barneskulen
17.30	"Ongaløbet"
18.00	Karateoppvisning
18.30	Brasiliansk danseoppvisning
19.00	Varhaugpuls: Zumba med Silje
19.30	Musikalen "vinn eller forsvinn" v/9. klasse (deler av musikalen)
20.00	VIL åpner "voksenteltet". Underholdning v/Gunnar Andersen (3 busserulls)
21.00	Slutt for i dag

Lørdag 2. juni

08.30	Frokost
09.00	Jærbelgen spiller frå scenen
09.30	Sjonglering
10.00	Varhaugpuls: Zumba
11.00	Korpset
11.30	Sang av MINIKORET
12.00	Mannekengoppvisning av sport 1
12.30	Varhaugmila
13.00	Kalvemønstring
14.00	Varhaugpuls: Zumba
15.00	Marken slutt for i år

Det blir under hele marken salg av grillmat, brus, kaffe og kakemat.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykkel klubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Inger Haugstad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H/BU

Styremedlem

Elisabeth Lutsi, bondelaget

Varmedlem

Sigbjørn Særheim, skulekorpset

Varmedlem

Ole Andreas Aarsland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.
og graset legg om namnlaus grav
ein gløymseleknad god.
Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend"*





Tor Varhaug og eg

Snart slepp me å reise til Bryne for å få fjerne kroppshår under armane og rundt bikinilina.

Me treng snart ikkje lenger ta turen til Nærbø for å få livsstilrelatert medisin med allergidrivande bieffektar til oss sjølve eller katten. Vekstbygda Varhaug er i endring. Det kan føre til to nye apotek med fleire hyllemeter med middel til oralt bruk mot veksesmerter for oss som har budd her sidan Vestlandsk-raudkolle og fjordingar med selegnag og vårkåte føl dominerte uteområda i Dubland og på Stelkarholen.

Varhaug er bygda der Raudkolla og Blakken er erstatta med tobeinte skapningar med støytdempande joggesko med reflekskleddede kjeledyr i band. Frå å vere ei bygd der hestepærer og kulørt vart sett på som ei biologisk velsigning, har me endra oss til ei sams masse fri for bygdeoriginale fargeklattar der alle, i frykt for å bli tekne på fersken, med antiseptiske bevegelsar plukkar opp ekskrementa frå kjæledyra våre i ein dertil eigna pose i resirkulert plast som me i sosialdemokratisk ånd kastar i næraste dunk for restavfall.

Vekst handla før om Fru Ekeland (helsesyster) sitt metermål på 6-års kontrollen, saman med bøndene sine ekspertvurderingar kring veksttilhøva for førmergkål, timotei og havre. I dag er ordet mest synonymt med ordførarar og andre størrelsar som er opptekne av ord som pappapermisjon, opplyst uteområde, termostattyrt servicetorg, verdiskaping, innovasjon, på det noverande tidspunkt og lang sikt. Vekstbehov handlar ikkje lenger om kyrkjebønast tekst om godt og lagleg ver, basert på røymsler om uår, borgebrød og engelsk kornblokkade.

Vekst betyr skrikande behov for nye bustadar med havutsikt og tilgang til Internett og fiberoptisk kabelfjernsyn. Før var det smørprisane i England formidla gjennom Bondevennen, vèrmeldinga frå NRK og andakten i Misjonstidende som galdt.

Farne tiders sosiale treff på krambua, utføre meieriet eller på kyrkjebakken, er parkert for godt. No gjeld Sosiale medier. Fjøsoka er erstatta med Facebook. Nye generasjonar treng tatovering av kjærasten sitt namn på stussen og permanent tilgang til stadig billegare kanaltilbod for å følgje hormonelt pubertetsaktive tenåringar frå Valdres, valne Valen-flauser og sur Hellstrøm-mat.

Einaste eter-lyspunktet for ein aldrande grinebiter med stadig hyppigare flash-backs, er humorserien NAV på TV-Norge. Namnet på antihelten lyser som eit Miljøgartneri opp i mediemørket. Tor Varhaug gir meg gode assosiasjonar til min identitet. Tor Varhaug er ein anonym og fargelaus antihelt med nervøse sveitteringar under armane. Han er litt sånn som meg, ei enkel sjel som ferister desperat, med minst mogleg bruk av energi, å halde tunga beint i munnen og livet på skinnene. Tor Varhaug og eg manøvrerer hårfint utanom skummelt Twitter-farvatn der det bloggast intenst om Paradise Hotel, Taco, Tex-Mex, puben i skobutikken på Nærbø og kvaliteten på det vitaminboosta hundeføret i FK-butikken.

Jau takk, alt er berre bra. Men eg kan ikkje heilt unngå å sakne neglesprett etter å ha handsama våtluta halm frå Ludå i Bodle. Eg lengtar attende til reklameskiltet ved jernbanestasjonen: Varhaug – Det er nå det smaker med en Firkløver. Det er deler av meg som intenst vil tilbake til tida då Freia var norsk. Då Gerhardsen rula og motebutikken IT-Ueland ruva i stasjonen med veggplakatar av ein dop-fri ung Elvis i svart skinnbukse og blue suede shoes, sitjande på skreps over ein 60-tals Harley. IT var blomstrete bestemorskjolar med kamfer- og naftalinsmak. Tidemanns Gul og sjokoladekonfekt med konjakkfyll kunne kjøpast i første høgda. I andre høgda kunne eg drøyme meg vekk mellom lange underklede frå Dovre og Sandnes Ullvare og Six-pence hattar som gamle menn over 30 brukte på søndagane.

- Mor eg vil tilbake, syng Eggum. Kanskje han vil, som eg, tilbake til tida då husmødrer som aldri hadde sett sine bein i ei langbukse, kjøpte kulørt ty i meterlengder og serverte smalehovud og komla med kulturmjolk, kjøpt over disk hjå Kristi på Varhaug Meieri, kl. 1100, sharp. Tilbake til tida då fedrane var vasskjemma og blåauga og trakterte kvardagens gjeremål med bukse frå Øglænd, halde på plass med hjelp av bukseselar med forsterka klips. Tilbake til deodorantfrie menn som drøymde om ei framtid med Radionette i svart kvitt og brukt Vauxhall Viva med nytt varetrekk. Menn som aldri hadde høyrte om Viagra, hårlause bikinilinj, avførings-søppelposar til Rapp, Whiskas til pus og Hellstrøm sine sure kokkeoppstøyt på TV3.

Det er eitt eller anna, ein eller annan stad inni meg som protesterer mot to apotek, gratis lekeland og gjødselanrika plantejord i perforerte plastsekker frå FK og Eik. Kanskje eg er ein slags anti-urbanist med tilpassingsvanskar og sterk aversjon mot energinøytrale, asbestfrie varehus med kundetoalett og 20-kroners marked hjå Nille og kvar femte bleiepakke er gratis.

Eg er nok ein type som trivast med festivalfri motvindsong frå verna gardhol og frilyndt plystring med bedehusundertonar frå dei få elektriske luftlinene som framleis heng i slakke bogar over Jæren.

Gerhardsen og Elvis har fått avløyning, og bukseselar har blitt turn-off. Lyset er sløkt for godt på IT. Men sjølv om nattemørket har måtta vika for Miljøgartneriet sitt oransje lys på nattehimmelen, har me framleis nattero på Varhaug. Utan nigeriansk red-light og blå-blinkande sirener og mørke bass-dunk frå døgnope utestadar. Varhaug er framleis ein stad der einaste nattelydane kjem frå remjande hannkattar og nylonsnora som plingar mot aluminiumen på naboen si flagstong. At det ikkje lenger er ku-raut og hestevrinsk i Dubland og på Stelkarholen kan me leve med.

God, varm og lys sommar til alle gilde sambygdingar!

Sjur



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi
v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15

Tlf: 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)



Jæren Apotek



Apotekeiere: Mohamad Karouni (t.v.) og Subaneesan Arulthas. Begge er født i 1985 og 27 år gamle.

Subaneesan Arulthas: Kom til Norge og Sandnes med familien fra Sri Lanka som 12 åring (i 1997). Uteksaminert som master i farmasi fra Syddanske Universitet i Danmark i 2009. Driver Klepp apotek og det har han gjort i over 1 år.

Mohamad Karouni: Kom til Norge og Arendal med familien fra Libanon som 2 åring (i 1987). Uteksaminert som master i farmasi fra Syddanske Universitet i Danmark i 2009. Driver Vitusapotek Tromøy like utenfor Arendal. Dette har jeg gjort i over 1 år. Er oppvokst i Arendal.

Vi har studert sammen i 5 år og var studie/lese kamerater. Vi delte også leilighet sammen i Danmark. Vi skrev masteroppgave om ” Psychiatric comorbidity in patients with epilepsy”. Denne oppgaven ble i 2010 publisert i European Journal of Clinical Pharmacology: Eur J Clin Pharmacol, DOI 10.1007/s00228-010-0861-y. Begge som første forfattere.

Vi vil begge satse friskt på Varhaug fordi vi mener at det er behov for et apotek til i Hå kommune. Hå kommune med sine 17000 innbyggere trenger et apotek til. Det er rom og behov for dette. Filosofien vår vil være å ha fornøyde kunder og dette får vi gjennom å yte god service. Dette kjennetegner apotekene vi driver nå.

Jæren apotek vil være en del av Ditt Apotek kjeden. Ditt Apotek kjeden består av privateide apotek. Det betyr at det gir oss frihet og at vi kan tilpasse oss lokale forhold. Det betyr også at kundene kan få et personlig forhold til oss som jobber i Jæren apotek, og vi til kundene.

God helse er viktigere enn alt annet. Vi er stolte av vår fagkunnskap, og vi holder oss oppdaterte på nye produkter og medisiner. Kundene skal være sikker på at vi kan vårt fag og være trygg på at de får det de skal ha. Reseptmedisiner er personlig. Vi vil hjelpe kundene slik at de er sikker på hvordan de skal brukes når du kommer hjem. Det viktigste for oss er at vi formidler vår kunnskap til kundene på en god måte, slik at de får full nytte av produktene og medisinene de får hos oss. Vi er spesialister på medisiner og hvordan disse virker i kroppen. Denne kunnskapen skal formidles til kundene våre på en god måte.

Jæren apotek blir et moderne apotek med stort utvalg av gode produkter. Vi ønsker å vise vei til kloke helsevalg og bedre livskvalitet. Alle våre produkter har gjennomgått en grundig kvalitetskontroll av farmasøyt, slik at kundene kan være trygge på at de vet hva de får.

Vi ønsker innbyggerne i området velkommen til Jæren apotek i begynnelsen av juli!

Mvh

Mohamad Karouni og Subaneesan Arulthas

Stuelandbygget



Ny leietaker i Stuelandbygget

Audrone Sirokova åpnet 2.mai massasjesalong i 2. etasje rett ovenfor Varhaug Hud & Fotterapi. Hun har mange års erfaring og utdannelse fra Litauen. Firma heter Storm Tjenester og tilbyr klassisk massasje.

Audrone flyttet fra Litauen for 5 år siden og bosatte seg på Høyland i Nærbø. For utenom jobb som massør har hun en stor lidenskap som er karate. På fritiden er hun leder og hovedinstruktør for Hå Karateklubb. Alle leietakere ønsker henne velkommen i bygget og lykke til.

Litt generelt om bygget

Stuelandbygget har etter hvert blitt et velværesenter på Varhaug med frisør, treningssenter, massasje, hud & fotterapi, og nå snart apotek. Når apoteket flytter inn er hele 1. etg. i bruk, men det er fortsatt ledige lokaler i 2. etg. Lokalene egner seg til f. eks. butikk, kontor, fotograf, etc. Lokalene innredes etter leietakers ønske.

Ta kontakt med Asbjørn Stueland på mobil 928 29 136 ved interesse.



Frå redaksjonen

Ja, så er ein kald og våt 17. mai over. Jærbladet hadde denne framsida 18. mai: ”Vindfull og våt 17. mai”, og Stavanger Aftenblad slik: ”Vått, vått, vått....”

Sjølvs starta eg dagen med frukost på Frivilligsentralen på Nærbø, før eg reiste til Bryne for å sjå barnetoget saman med mor, og etterpå både tale for dagen og kaffikos på Bryneheimen. Det regna då eg køyrde bort, var litt opphald på heimturen om ettermiddagen, for så å starta med regn igjen. Ein slik kald 17.mai er det godt med bunad, men eg vart så blaut på Bryne at bunaden måtte av då eg kom heim. Eg skulle på nasjonalfesten på Misjons huset om kvelden, og hadde tenkt at bunaden skulle vera på heile dagen, men slik vart det ikkje.

Det var ein gild fest. Som dei fleste veit, er eg veldig glad i Elisabeth Reiestad sine vers, og hadde mellom anna tenkt å lesa noko av ho. Ekstra gildt var det då at Dagfrid slutta festtalen med eit dikt av Elisabeth ”Heimen”.

Snart er det Varhaug marken igjen, og då håpar eg på fint og varmt ver. Nå er eg lei både regnet og ikkje minst kulden. Eg går jo i dei same kleda som er bruka i vinter, og nå er me i slutten av mai!

Eg ynskjer lukke til med Varhaug marken, og trur ikkje det gjer noko om Jærdagen er flytta til våre dagar grunna pinsen. Så må de alle ha ein fin sommar, og så drøses me til hausten.



Liv



Varhaug Serviscenter AS
Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug
www.varhaug-serviscenter.no



**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no



Den store søskenflokk på Ueland

1. rekkje frå v.: Tollef, Anna Kirstina g. Varhaug, Josefine g. Undheim, Ingeborg g. Ueland og Tobias.

2. rekkje frå v.: Andreas, Justine g. Mellemstrand, Ivar (I.T. Ueland) Gjertrud Malena g. Skretting og Sem

Slektsbok under arbeid

«Du skal ikke forfedrane gløyma»

Dette er hovedtittelen på boka som Tarald Ueland har skreve på i 2 år, om Uelandslekta.

Utgangspunktet er Ingeborg Ivarsdatter Ueland frå Tjelsengen f. 1850, og Tobias Tøllaksen Ueland frå Ueland f. 1831 på Gr.nr.51 br.nr. 1. Dei gifta seg i 1870 og budde på br.nr.3. Ingeborg fødte 11 barn på 19 år. 10 av dei vaks opp, fem gutar og fem jenter.

Alle fem gutane reiste til Montana for å tena pengar, og alle kom heim att etter nokre år. Tobias og Ivar hadde egne sauefarmer. Ivar (I.T.) var lengst i Montana (11 år), og vart Amerikansk statsborgar.

Alle ti søsken gifta seg, og dei fekk til saman 75 barn.

Slekta er stor, og med inngifte er det i mai 2012 vel 2700 navn i boka. Den største slekts-greina er slekta etter Gjertrud Malena som gifta seg med Erik Hansson Skretting i 1904.

Bilete

Tarald Ueland fortel at han har fått lånt mange gamle historiske bilete som viser personar men som også seier mykje om den tida dei levde i. Gamle og nye bilete av slektsgardane viser den store utviklinga det har vore på gardane i dei siste hundre åra.

Meir enn slektsbok

Personane i dei tre første ledda vert omtala med biografiske og historiske tekster. Her er skildringar frå ei tid med mykje slit og lite pengar mellom folk. Dei var prega av nøysomhet, arbeidsglede og gjestfrihet og fekk mykje ut av lite.

Slektstemne

Ein hovedkomite som består av Erik T.Skretting, Gaute Auestad og Paul Undheim saman med 20 medhjelparar arbeider med å invitera slekta til slektstemne på Holmavatn 19 august.

Det er dristigt å invitera så stor slekt til stemne, men skulle det sprengja alle ramer, så ser dei på det som ei positiv utfordring.

Boka

Boka om Uelandslekta vert på 240 sider i A, 4 format og skal vera ferdig til stemne 19 august.

Eg er for ung – eg er ikkje meir enn 90 år,

så eg kan ikkje hjelpa deg med spørsmålet ditt i dag.

Mikal Lilleland er ein av mine gode telefonvener som har gitt meg mange gode svar på spørsmål om gamle dager.

Ja, Mikal du er for ung. Tenk om du hadde vore 100 år så hadde eg fått svar på spørsmålet.

I Ueland slekta er det fleire kvinner som er mellom 85 og 90 år. Dei sit på mykje kunnskap og har hjelpt meg mange gonger.

Eg angrar

Du verda så eg angrar på at eg ikkje snakka meir med bestefar min, gamle Tobias om tida han var i Montana og levde tett inn på Indianarane.

Kunne vi ikkje snakka om det når eg drog slipesteinen for han? Dei fire brørne hans var også

i Montana, og når eg spør tremenningane mine om dette, så seier dei akkurat det same.

Bestefar snakka mest aldri om Amerika, og vi kom ikkje på å spørja. Men når karane kom i lag, snakka dei mykje om Montana.

Gløym ikkje forfedrane

Dei eldste veit framleis mest. Snakk med dei eldre medan dei er klare i tanken og endå er i blandt oss.

Det er for seint den dagen dei tek erfaringane og kunnskapen med seg i grava.

Tarald Ueland



Kunstgrasbanane, Varhaug Idrettsanlegg

Takk for dugnad!

Opninga av dei nye kunstgrasbanane var 28. april. Me har fått eit topp moderne og romsleg anlegg som bygda vår vil få mykje glede og nytte av. Det er ein inspirasjon for barn, unge og eldre til god forvaltning av kropp og helse. I tillegg fremjar aktiviteten her samarbeid og sosial kompetanse. Men ikkje minst kan ein ha det gildt her heile året. Alt dette er viktig for eit godt oppvekstmiljø.

Varhaug Idrettslag er eit fleirgreins-idrettslag og eit breidde-idrettslag for heile bygda. Det er viktig å fokusera på mottoet: «Ei sunn sjel i ein sunn kropp» (jf. Holdningsprogrammet til VIL). Ein må heller ikkje gløyma mottoet: «Tap og vinn med same sinn». – Det er viktig å trenast seg opp til å tola både vinning og tap i livet. –

Idrettslaget er basert på dugnad. **Takk til alle som jobbar gratis mange timar pr. veke, år etter år!** Ein ekstra takk til dei som i tillegg har lagt ned mykje arbeid på nyanlegget!

Sjølvs har eg organisert bønder med traktor og dumpers til massetransport i starten av anleggsperioden. Eg hadde då ansvar for organisering på dagtid mandag til fredag kvar veke. Summert gir dette over 1300 dugnadstimar med traktor og dumpers. Bøndene har altså her støtta opp med verdi på nærare 1 mill. kroner. I tillegg har dei køyrt masse på kveldstid og på laurdagar. Dessutan er det enormt mange dugnadstimar med gravemaskin-køyning.

Så hjarteleg takk for den kolossale dugnadsinnsatsen! - **Sjølvs vil eg gi ein særleg takk til dei flinke og velvillige bøndene i Varhaug!**

Helsing Eirik J. Varhaug

Jærbutreff

hos Jorun og Gaute Husveg

Tor, Odd og broren Hans flytta opp til Romsdal i 1952. Fridlaug har budd i Romsdal i 40 år og mannen Kristian har vore kontrollassistent og dreng på Nærbø. Karen flytta opp i 1960 med mannen Svein Kvadsheim som er død. Jorun og Gaute har budd her i 36 år og Jorun er i frå Romsdal. Alle jærbuane snakkar gamal og god jærdialekt. Jorun diska opp med ein god kveldsmat.

- Steinar Varhaug



Frå venstre; Odd Kvadsheim, Fridlaug Lende Brandsøter, Karen (Stavnheim) Kvadsheim, Tor Kvadsheim, Gaute Husveg, Kristian Brandsøter og Jorun Husveg.

Coop Varhaug

Smørsmelter

Høyang Polaris

kr **100,-**

Toalett og tørkepapir

-40%

Diplom is

Royal

-30%

Steinbakte brød

grov/fin

kr **14,90**



Konkurranser og smaksprøver i butikken under marken!

Alle våre avdelinger har nå åpent hverdager 8-21 og lørdag 9-18
Velkommen innom!





Mitt 4H-prosjekt

Kortlaging



Som 4H medlem skal du i løpet av 4H år gjennomføre eit prosjekt.

Ein kan velje mellom mange ulike prosjekt. Finn du ikkje eit blant dei som finst frå før kan du velje fritt val, her er det medlemme sjølv som sett opp krava og planlegging av prosjektet.

I år har Guro, Jenny og Ragnhild valgt fritt val då dei ønskte å lære meir om kortlaging.

Eg har vært å besøkt jentene i hobbyrommet i Pilevegen et par ganger mens dei har jobba med prosjektet. Og det er alltid like kjekt å komme innom. Dei koser seg skikkelig og har laga utruleg mange fine kort. Gler meg til å sjå utstillinga deira på haustfesten 19. oktober.

Kvifor valde de dette prosjektet?

Fordi eg har prøvd å lagt kort og slike ting før og syntest det var kjekt.

Kva går prosjektet ut på?

At du skal lage kort og slike ting av papp og papir. Du skal også lære korleis kortet er bygd opp og korleis å lage dybde og slike ting.

Kva har de gjort i arbeidet med dette prosjektet?

Vi har lært om oppsettet til kort og laga mange fine kort og nokre bokser

Kva har de opplevd i arbeidet med dette prosjektet?

Eg har lært mykje og lært kva eg skal gjere annleis når eg gjer feil.

Korleis har de jobba med prosjektet?

Vi har hatt samlinger der Trine fortel kva vi skal gjere og lager tingen etterpå.

Etter vi har laget tingen skriv vi ned i Fritt val boka.

Kva har vært kjekkest til nå?

Det var veldig kjekt den første gongen vi hadde møte. Da lærte vi om oppsett av kort og fikk prøve å lage kort. Det var veldig kjekt å få til ting eg ikkje trudde eg fikk til. Det var og veldig kjekt å lære om oppsett av kort.

1. Eg valde dette prosjektet fordi eg ville lære ulike teknikker med å lage kort. Det er og fordi eg liker å lage ting.
2. Prosjektet går ut på å lage kort og andre ting av papp.
3. Me har laga ulike kort, bokser og pynta med ulike ting.
4. Eg har lært å laga mykje kort, ulike teknikker, og eg har hatt det kjekt. Eg har og fått mange idear av ein god prosjektleiar.
5. Me har jobba med papp, designpapir og mykje pynt. Me har og arbeida for å få fine kort og bokser.
6. Til nå har det vert kjekkest å lære alle desse metodane med å lage kort. Alt har vert kjekt men ikkje alt har blitt like fint.

May Helen

Storkurs på Varhaug



I det dommere bles av b-lagskampen torsdag 22. mars, sto ein gjeng ivrige dugnadsfolk fra 4H klubbane i Hå klar i hallen for å gjera om Varhaughallen til sovesal til 450 personar. Golvet i hallen blei raskt teppelagt og båsar sett opp til 4H-arane som neste dag skulle ankomme Varhaug. Trur Jan Christian og Co var litt imponert over innsatsen.

Fredag ankom 397 4H –medlemmer, 50 vaksen og 12 alumner fra heile Rogaland klar for Storkurset.

Flokken overnatta i Varhaughallen, men deltok på aktiviteter fleire stader i kommunen lørdag.

4H-arane benytta seg av tilbud om golfing på Ognå, hockey på Nærbø og håndverkskurs på Varhaug skule. Deltakarane valgte ett kurs kvar blant totalt 30 forskjellige. Det var stor aktivitet rundt om på skular, idrettshaller og Jærmuseet blant anna. Noen laga tulipaner av tovet ull, mens andre lærte fluebinding, kalvemønstring, kva det vil sei å væra avløyser, kortkurs, linedance, akrylmaling, tilda sykurs, friluftsliv, jakt og fiske og mange andre kjekke kurs. Dei ulike kursa blei holdt av eksterne instruktørar fra distriktet, fleire av dei tidlige 4H-ere.

Storkurs er eit årleg arrangement for 4H-ere fra heile Rogaland. Det er ei helg der deltakarane skal ha det sosialt, men også lære noko. Mottoet til 4H er å lære med å gjæra.

Ei kjekk helg, med ei svært vellykka arrangement.

May Helen





Skigjengen 2012

Me har hatt ein spennande vinter med mange tøffe løp.

Starten var 50 km klassisk løp i Frankrike, ved grensa til Sveits, laurdag 11. februar. Løpet heitte «La Transjurassienne». Lars Madland planla og ordna heile turen, så for oss andre var det bare å vera på avtala plass på Varhaug i rett tid.

Frå Hå gjekk desse 50 km-løpet: Lars Madland, Håkon Skretting, Håkon Reinås, Tormod Åslid, Liv og Sigmund Olsen og meg sjølv. Terje Kydland skulle ha gått, men han vart sjuk, så han måtte melda pass og heller passa på damene saman med Kjell Tjemsland, som nyleg hadde operert eine hofta, men var med på turen. Siri Skretting gjekk samtidig eit løp på 25 km. I gruppa vår hadde me og med 5 personar frå Time og Sandnes og nokre av oss hadde med konene våre. Det var Anne Merethe Madland, ho med litt reiseleiar-ansvar, Bente Kydland og Kjellaug, kona mi.

Veret var kaldt, - 15 grader og vind og litt snøfokk. Mange av løparane hadde istappar i skjegget og under nasen då dei kom i mål.

Eg var som vanleg den svakaste av gjengen, endå eg trong bare 1 time pr. mil, gjennom-snittleg. Og så oppdaga eg til min skrekk at eg hadde gløymt skihanskane mine heime. Men Terje redda meg. Då han ikkje kunne gå sjølv, fekk eg overta hans nykjøpte hanskar, mykje betre kvalitet enn dei som låg att heime.

Dagen etter gjekk Lars og Håkon eit fristil-renn, skøyting, på 70 km. Endå dei hadde 50 km- løpet i føtene. Veret var då og kaldt vinterver, -12 til -15 grader, motvind og litt snøfokk. På dette løpet kom det eit vindkast som bles fleire løparar over ende.

Alle våre løparar fullførde med glans. – Som regel fekk me god livd av ein rygg framfor oss, og der det var skogsterreng, var det lunt. Med rett påkledning var me høveleg varme heile løpet, - Alt i alt opplevde me fint vinterlandskap i om lag 1200 m over havet. Mykje folk stod langs løypa og heia oss fram, liknande som på Birkebeiner-rennet.

På hotellet i kveldinga var ein del av oss i symjebasseng og badstu. Det var felles garderobe og dusj for damer og mannfolk. Det vart det ein del skøy utav. – Alt i alt ein svært vellukka tur.

To veker seinare vart det **Stavløpet** på 23 km i kjempefint ver på Sinnes.

Skimaraton på 45 km er eit nytt renn, arrangert for første gong på Ådneram. Det var særskaldt regnvær. Me var søkkvåte og kalde, mange braut dette løpet, og mange gjekk ein runde i staden for to.

Birkebeinerrennet var veka etter, skikkeleg kontrast til Skimaraton, for nå var det strålende fint ver, så fint at dei fleste av oss sette «pers».

Sesilåmi var finalen og avslutning på sesongen. Mindor Håland hadde som vanleg organisert billeg og gild tur, med fin buss og Geir som sjåfør. Løpet gjekk i kjempefint ver, men med frosne, knallharde spor. Snømangel gjorde at starten vart flytta eit par km. Eg hadde 3 stygge fall, men kom levande i mål. Dei andre i skigjengen vår kom i mål med mindre problem enn eg. – Men med ca 100 mil rulleskitrening i forkant er målet mitt å fullføra «Sesi» også i 2013-

Til sist ei oppfordring til alle! Gå til kamp mot «livsstilssjukdommar» med rett kosthald og nok trim/kroppsbuk. Ski og rulleski er ein av fleire aktivitetar som kan medverka til spenstig kropp og god helse. – Me har fått forvaltningsansvar av Vår Herre både når det gjeld natur og eigen kropp.

Helsing Eirik J. Varhaug




Aktivitetsdag på Jærmuseet

Søndag 29. april var det aktivitetsdag på Kviadagen/Jærmuseet. Det var ca. 350 besøkande på arrangementet. 4H-klubbane i Hå hadde laga natursti og hadde aktivitetar. Blant aktivitetane var det: Hestekokasting, toving, ansiktsmaling, papirbretting og den mest populære aktiviteten, steiking av pinnebrød. Svala 4H hadde ansvar for papirbretting og steiking av pinnebrød. Aktiviteten steiking av pinnebrød var så populær at vi måtte ha påfyll av pinnebrød to gonger. 4H hadde satt opp ein lavo som representerte leirlivet i 4H, her fekk vi også formidle prosjektarbeid og anna informasjon om 4H. Vi var så heldige at det var strålende sol og 15 grader denne dagen. Været viste seg frå den beste sida og var så langt ein av dei beste dagane i år.

Alt i alt ein vellykka dag.

Erik Bratland





Nytt fra Varhaug Bedriftsforening

Årsmøtet 2011 ble holdt 23.03.2012 i «Gamle Posten». 19 medlemsbedrifter var representert med totalt 24 personer, referat er mailt alle medlemsbedriftene. Sentrale verv fordeler seg slik:

Styret etter valget	Funksjon	Til
Ingeborg Lea Omdal	Leder / sekretær	2013
Håvard Skretting	Styremedl./nestleder	2013
Heidi D. Bø	Styremedl./kasserer	2014
Gunn Tone G. Bratland	Styremedlem	2013
Øivind Varhaug	Styremedlem	2014
Morten Håland	1. varamedlem	2014
Kine Nord-Varhaug	2. varamedlem	2013

Revisorer etter valget	Til
Irene Hobberstad	2013
Karin Hauck	2014

Valgkomité etter valget	Til
Egon Lobekk	2013
Jon Harald Håland	2013
Rune Odland	2014

Etter møtets formelle del, var det presentasjon av medlemsbedriften Jærentreprenør AS. Spennende å se bilder av byggeprosjekter de har og har hatt, og å høre om utfordringer og muligheter slik de ser det. Så var det god mat og drikke, før vi fikk vi bryne oss på en quiz, og fortsette med drøs og kos.

Handlingsplanen for VBF ble ajourført på årsmøtet, og flere av punktene her går på arealplanlegging og tilgang til næringsareal. Hå kommune har startet arbeidet med rulling av kommuneplanen, og i skrivende stund arbeider styret i VBF med å forberede et medlemsmøte, der vi kan samle innspill og tanker vi ønsker å formidle til de kommunale planleggerne. Vi håper å få til et møte i midten av juni, invitasjon sendes medlemmene straks dato er fastlagt.

Styret i Varhaug Bedriftsforening har ifølge vedtektenes §4 anledning til å opprette de underkomiteer det finner formålstjenlig. Styret ser at flere av de sakene som står i handlingsprogrammet gjelder sentrum: møbler, blomster og utsmykning. Hittil har eiendomsbesittere og næringsdrivende i sentrum hatt møter ved behov, og ikke nødvendigvis i regi av, eller med medvirkning av, VBF. Styret er av den oppfatning at dersom noen av medlemmene som er spesielt knyttet til sentrum har lyst til å danne en egen underkomité i VBF, så gjør vi det. Ta i så fall kontakt med leder, så finner vi en praktisk knytning og arbeidsdeling mellom styret og underkomiteén.

En underkomité som allerede finnes, og som «alle» kjenner til, er markenskomiteén. De jobber jevnt og trutt med det arrangementet som gjennom 30 år er blitt en flott tradisjon i Varhaug. Dette kan du lese mer på annet sted i bladet, og så håper vi alle, både medlemmer i VBF og alle andre, går «mann av huse» og koser seg på marken i år også.

arbeida sine i dei gamle lokala til SR-Bank, og er open både fredag og laurdag

Me gler osse,
Elisabet

Endeleg er det kunstutstilling igjen i samband med Varhaug marken.

Fleire av utstillarane har vore presenterte i Varhaugbuen tidlegare. Men her ser eg det vert mange gilde ting å skriva om i tida som kjem. Kanskje er det andre og som driv med noko som lesarane av Varhaugbuen bør få kjennskap til. Me er allrid opne for tips.

Redaksjonen

Kunstutstilling på Varhaug marken

I år ser det ut til at me klarer å fylle alle tomme lokalar i stasjonen med spennande aktiviteter. Under marken vil det verte ein unik sjanse for bebuarane på Varhaug og omegn og både få sjå og handle seg flotte handtverk av lokale utstillarar.

Her nemnes treskjering, dreining, rosemasing, maleri, glaskunst mm.

Utstillarane Sigrid Undheim, Signe Nevland, Rune Scheie, Irene Viste, Oddny Ueland, Anton Tjemsland, Reidar Lode Olav Skårland, Andreas Ueland, Åge Hauge Marit Njå, Karen Torunn Hårr m.fl. skal stilla ut

Hå skulesjakk

På Vigrestad speler me sjakk på torsdagar kl 1730-1845. Me held til i "kulturtorget Vigrestad" som ligg ved sidan av Misjonshuset, rett ved jernbanen. Siste spilledag før sommaren er 7. juni. Så vert det pause til september.

På Nærbø har me hatt speling på Bø skule på tysdagar 1730-1845. Frå hausten vert det antakelig til at denne dagen vert på Varhaug, slik at gutar og jenter frå 2. klasse på Varhaug som har lyst til å spele sjakk kan vere med og spele på ein stad på Varhaug. Sjå oppslag seinare om stad og tid.

Kontingent er 200 kr i året, for dei som begynner etter sommaren vert det 100 kr. Desse pengane dekker medlemskap i NSFU (Norsk Sjakk Forbunds Ungdom) og deltakeravgift i BGP-turneringar.

For Vaksne har det tilbod om å kome til Hå kulturtorg, Vigrestad på torsdagar etter skulesjakken, frå kl 1900 til 2100. Då er det nokre gubbar som speler, men det verker ikkje som om det er særleg motivasjon for dette, så det er ikkje sikkert at me fortset etter sommaren.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



Markenstilbud

SPAR



Foto: Asle Haukland



Potetkaker Roxman
kr **19,90**

Berentsen eplemost
pr. kasse + pant kr **99,-**

Jordbær, Belgiske
pr. korg (500g) kr **19,90**

Krokket kr **299,-**

Åpningstider
Man-fre **08.00-21.00**
Lørdag **08.00-18.00**

SPAR VARHAUG



Varhaug Bygdeungdomslag

Dugnad - Quiz - Fylkesleir

Nå er sumaren her! Me har mange gode dager i vente. 17. mai og påskehøgtida er over, og me har mykkje å sjå tilbake på. I skrivende stund sit eg på toget på veg til Oslo. Etter eg har passert Kristiansand kjem det 3 ungdomar travande inn på toget, med musikk på øyrene, korte kjoler og høg-hælte sko. Eg saknar allerede Varhaug og den uvanlege, sjeldne gjengen på VBU. Ingenting kan slå Bygdeungdommen!

Me har arrangert quiz 5 gonger dette året. Marius Lode har vore quiz-meister kvar gong. **TUUSEN TAKK!**

Quizane med Varhaug har vore kjempesuksess frå dag ein! Dette som starta på det noe nedslupne BU-loftet på Varhaug har flytta seg til Stallen pub på Bryne. Nærmare 200 ulike menneske har vore på quiz med BU dei siste 2 åra. Det er morosamt å tenkja på. Me vil halda fram med tradisjonen vår så lenge me kan!

Eit av årets høgdepunkter dette styreåret har vore dugnadsfesten. Eit kjempebra opplegg for alle som har gjort ein innsats for laget. For tru meg, når eg såg lista over alle som har vore med å hjelpe til, så blei eg mektig imponert.

To personar som er verde å retta ei stor takk til for god innsats dei siste 6 åra, er Olav Varhaug og Ole Ernst Sør Reime. Dei har vore med å halda liv i lokallaget! Utan Olav, Ole Ernst og gjengen så hadde ikkje BU vore det same!

Maren Kvía laga smørbrød til alle isaman. Og isaman med

god drikke blei det ein kanon kveld! Kronen på verket var når snille Olav Madland med venner stilte opp og spelte for oss. Tusen takk til dykk også!

I tillegg til dugnadsfesten så arrangerte me 16. mai fest i den nye grillhytta på Internatet. Dette blei en kjempfest. Eg var ikkje der sjølv, men fekk fleire artige mms og fortellingar etterpå. Best av alt : me fekk 30 nye medlemmer!

Alt i alt så har Varhaug BU vore kjempegoe i år! Målet våres har vore at me skal klara å ha eit snitt på eit arrangement per månad. Dette har me klart og vel så det!

Det som også er spanande er at me skal ha fylkesleir her på Varhaug, 15-17 juni. Dette er spanande, og for oss så er dette ei kjekk avslutning på eit travelt, men fantastisk styreår. Fylkesleiren skal bestå av latter, moro, tevlinger og sosialt samvær. Det heile skal toppas med musikk frå Nærbø-bandet Shortfingers.

Shortfingers spelte for oss i påsken då me arrangerte dans isaman med Silo og Saft. Då kom det heile 475 stk! Me blei så positivt overraska av det noko ukjente Nærbø-bandet at me vil prøva det ut på fylkesstevnet. Eg anbefaler alle å ta turen innom!

Sist men ikkje minst så vil me i styret i Varhaug BU ønska alle ein god sommer!

Ane Eckhoff Varhaug

Gledelig nyheit frå VBU:

På årsmøtet til Rogaland Bygdeungdomslag, blei Olav Varhaug veld inn som leiar for organisasjonen. Han tek over etter avtroppande leder Torstein Gjerdevik.

Dette er me stolte av. Olav er ein ildsjel når det kjem til Bygdeungdomslaget. Me har trua på at han kan jera ein god jobb, samt auke medlemstalla i fylket enda meir. Alle dine "søte små" i VBU er glade for at ein Varhaugsbu skal få styre organisasjonen. Lykke til.

Magnhild Aanestad blei i tillegg veld inn som bygdepolitisk leiar i RBU styret.



Olav Varhaug som overtek leder klubba.

Varhaug Misjonshus 15.-17. juni 2012

I anledning årsmøtet til Indremisjonsforbundet Rogaland på Varhaug Misjonshus, vil en 15. – 17. Juni kunne være med på spennende samlinger for alle hele helgen. Blant annet kan vi nevne barnas årsmøte, familiemøte lørdag kl. 17:00 der klovn Tulliball blir med.

Sang og musikk møte på fredag kl. 19:00 der Hananja m.fl deltar, Gospelnight med Salvare lørdag kl 22:00, og søndag kl. 19:00 konsert med Reggie og Lady Love Smith (USA).

Gospelnight – bill. kr. 100,- pr. pers

Reggie og Lady Love Smith – bill. kr. 200,- pr. pers.

Sjekk gjerne imfvarhaug.no for mer informasjon, samt plakater.

Velkommen til flotte samlinger på Varhaug Misjonshus



Reggie og Lady Love Smith



Tulliball

*For ImF Varhaug
Tom Magne Ueland*

Elleville knalltilbud - Kjøp nå!



DRYGOLIN OM/ ODB
10 liter
599 kr
Før 798 kr

Drygolin Oljemaling/Oljedekkbais - 10 liter
Meget værbestandig og vannavvisende. Finnes som maling og dekkbais.

MARKENTILBUD

Fargerike Halvorsen

Varhaug - Telefon: 51 43 61 00



LADY VEGG 10
40% RABATT!
3 liter
179 kr
Før 299 kr

Lady Vegg 10 - 3 liter
Vanntynnet, løsemiddelfri maling til innendørs bruk som er lett å påføre. Dekker godt, er slitesterk og lett å holde ren.

FARGERIKE
Norges største fargehandel

Korslag på Varhaug skule

29. mars arrangerte Varhaug skule korslag for Hå og Gjesdal kommune.

Konkurransen fungerer slik at elevane på dei ulike skulane over inn ein song, og konkurrerer med andre skular i sin eigen kommune. Dei 3 beste kora frå kvar kommune møtes deretter til ein kommunekamp. Frå Hå Kommune var dette Vigrestad, Bø og Varhaug. Frå Gjesdal kom Ålgård, Solås og Bærland.

Elevane set av heile dagen til korslaget. Dei øver, ser på kvarandre sine innslag, et saman, sminkar seg og førebur seg på alle vis til sjølve konkurransen. Alle samlast og øver inn eit fellesnummer, som vert vist før dei 3 beste kora vet lesne opp.

Alle viser sitt songinnslag, og juryen gir ei god tilbakemelding til kvart kor.

Dei 3 beste kora skal så syngja om att, og etter dette premierer juryen 1., 2., og 3. plass

Aulaen på Varhaug var stappfull av publikum i år, og mykje foreldre kom for å sjå på, både frå Hå og Gjesdal. Elevane og publikum var spente, og jubelen var nok ekstra høg då Varhaug viste sitt bidrag. Me kan trygt seie at elevane frå 4 – 6 var fantastiske supporterar!

Juryen var sett saman av 3 personar frå kvar kommune, samt ein hovuddommar frå Bryne; Frank Robert Andreassen. Alle utdanna eller utøvande innanfor musikk og scene.

Korslaget blei arrangert for fyrste gong i fjor, og då kun for Hå Kommune. Dette vart ein så stor suksess, at me utvida det til å gjelda fleire kommunar. Elevane på skulen gleda seg stort, og har vist ein enorm moti-

vasjon og innsats gjennom øvingane fram til korslaget. Alle deltek, og sjølv når me terpar på detaljane i slutten, er dei stort sett berre positive. Dette viser også godt igjen på framføringane som i fjor då dei vann, og i år då dei kom på 2. plass i det kommunale

korslaget, og deretter 2. plass i kommunekampen.

Det er ikkje å kome ifrå at de har fantastiske ungar på Varhaug, og me lærarar er stolte over å få vist fram det dei kan.



Amalie Skretting, Live Ueland og Caroline Hadland Forsmo



Andres Nord-Varhaug, Olav Bøhn Auestad og Mattis Munkvold Rovik



Simen Aanestad



Vigrestadelever



Irene Fykse-Nordtveit



Hedda Varhaug



Tema Bad Fusion, Autunn 120 cm møbel med skuffer og skap, 120 cm porselenservant og 120 cm speil.

Utstillingssalg: 10.900,-



VVS Marketing Duo Bad Sekel vanilje 100 cm møbel med skap og skufferekke, 105 cm porselenservant, 100 cm speil med hylle og lys og høyskap 30 cm.

Utstillingssalg: 15.900,-



Opstadvegen 621, Varhaug
Tlf. 51 79 83 10

Mandag til fredag

07.00 - 16.00

Lørdag

09.00 - 13.00

Klokkarhagen



Klokkarhagen sjukeheim som vart åpna før jul 2011, er eit tilbod til menneske med ulik demensform som ikkje kan nytta seg av øvrige tilbod innan helse og omsorg.

Sjukeheimen som har 2 avdelingar med 12 i kvar, har i tillegg eit aktivitetssenter og ein avlastningsplass.

Det er eit flott bygg, og ikkje minst er det store uteområdet, sansehagen, imponerende. Den er ikkje heilt ferdig, men skal etter kvart vera ein stad for fysisk aktivitet, rekreasjon og sansestimulerande for bebuarane.

Her er det mange, både firma og lag i kommunen som har

gitt bidrag. Mellom anna har bondelag og bygdekvinnelag i Varhaug gitt frukt tre.

Vidare har bygdekvinnelaget gitt flagg, flaggstong og vimpel. Dei har og stilt med staude og laga eit fint blomsterbed.

Leiar av senteret, Tove Dubland, er veldig takksam for alt dei har fått, men ynskjer likevel meir. Ho har slik lyst på skikkelege hage møbler til det store og flotte uteområdet. Er det einkvan som kan tenka seg til å bidra med ein stol, eller anna, så er det berre å ta kontakt med Tove.

Jærbelgen trekkspelklubb invitere til JÆRTREFFEN 21. - 22. september

I samarbeid med Varhaug Idrettslag vil Jærbelgen arrangere danse og spelemannstreff i idrettshallen på Varhaug

Det blir god musikk av minst 9 forskjellige gammeldansgrupper frå heile Rogaland

**SET AV DENNE HELGA !
KOM Å DANS !**



Lions markerte seg på Varhaug



Lørdag 28. april vart Tulipan dagen til Lions markert på Varhaug med stand ved rådhuset, og musikk av skulekorpset. Sjølv med gode plakatar på førehand, var det ikkje så veldig mange som fekk dette med seg. Skulekorpset spela fleire stykke, før dei hasta vidare til Iden.

Med seg hadde dei ein ny trombone, som var ei gåve frå Lions.

VELKOMMEN TIL OSS!

**FK BUTIKKEN
VARHAUG**

DEN KLIPPER. DU SLIPPER!

KJØP ROBOMOW NÅ!

NYHET!



Veil. fra 7490,-



**GASSGRILL
FUTUR TRIO ALPES**

-30%

1699,-
Før 2490,-



**VÅR
STØRSTE
SUKSESS!**

**GRESSKLIPPER
VIKING MB 448 T**

3990,-

FK Varhaug
Tlf 51 77 14 70
Åpent 8-17 (9-14)

FK butikken
www.merenn du tror.no

Elgane Motorsykelklubb har 3 grener, i dette nummeret vil me skriva litt om alle



MOTOCROSS

Motocross startet for alvor sesongen på Elgane med påske-trening. Dette er en tradisjon, så kjørere kommer fra nær og fjern. Det er mange som overnatter og trener tre dager. Dette året var det totalt 280 kjørere fra andre klubber og 40 kjørere fra Elgane som var samlet.

Motocross er pr. idag den største grenen på Elgane. Vi får stadig nye medlemmer, og det er vi veldig glad for. Det siste året har vi fått flest nye ungdommer i alderen 15-22 år. Vi ønsker også flere yngre kjørere. Klubben har i dag veldig få kjørere i de yngste klassene, så her har vi en rekrutterings-jobb å gjøre.

Elgane har kjørere på alle nivå. Vi har Magne Klingsheim som er på landslaget, og som satser fullt på motocross. Han kjører NM og EM, og skal også kjøre Junior VM i Bulgaria i høst. Han har hatt sitt internasjonale gjennombrudd i år, og tok nylig en imponerende 2.plass i EM i Italia. Anders Orstad, Erlend Klingsheim, Nauris Svedaruskas og Martin Haugvaldstad kjører NM for Elgane.

Mathea Selebø (12 år) fra Sokndal er et talent, og kjører allerede fra mange av guttene hun kjører mot. Hun er for ung til å kjøre NM, men deltar på Vestlandsmesterskap. Det gjør også bl.a Jaran Krag, Runar Reiestad, Trym Krag, Sven Andre Hamre, Mats Selebø, Ronny Anda og Christian Flornes. Målet vårt er å få enda flere til å kjøre Vest-

landsmesterskapene. Det er breddeløp, og her er det kjørere på alle nivå, fra de erfarne til nybegynnere. Håkon Forland, Ronny Anda og Erlend Klingsheim kjører også litt enduro om vinteren og deltar på løp. Vi har også Martin M.Vagle og Sjur Krag som kjører i ALL STAR. Det er løp for aktive over 30 år.

Elgane har nettopp arrangert årets 1.NM runde. Det ble en stor suksess, til tross for at vi var uheldig med været. Vi har en god funksjonærstab, der alle er med og bidrar til at Elgane fremstår som en svært god arrangør. For å gjennomføre et NM kreves det totalt 2300 dugnadstimer så det er ingen tvil om at dette arrangementet er det mest arbeidskrevende.

I tillegg kan det nevnes at det kreves over 11000 dugnadstimer i året bare for å holde banene i orden til trening og løp.

Elgane arrangerer klubblop i september felles for alle grenene. Vi ønsker alle hjertelig velkomne til Elgane!

Crossgruppen

SPEEDWAY

SPEEDWAYEN BLOMSTRER HOS ELGANE MK

Speedwayinteressen på Elgane har blitt stor. Vi har hatt enorm rekruttering i 2011 og 2012. Dette er kjempe kjekt! I 2012- sesongen er det 17 microkjørere, 5 knattekjørere og 13 500cc-kjørere. Vi er stolte av rekrutteringa. Elgane er den eneste speedwayklubben i landet som har så mange microkjørere.

Barn kan begynne å kjøre i microklassen, 50cc, etter fylde 5 år og opp til 9 år. Fra 10års- alderen starter en å kjøre Knatte, 80cc. Det året personen fyller 16, kan en starte på 500cc.

Treningstidene våre på Elgane er:

Tirsdager: kl 17-19 (50cc)

kl 17-21 (80cc)

kl 19-21 (500cc)

Torsdager: kl 17-19 (50cc)

Søndager: kl 12-16 (alle gruppene samtidig)

- Så kom og prøv da vel!

Våre speedwaykjørere er også aktive når det gjeld kjøring i utlandet. 3 av våre 500cc, har deltatt på treningssamling i Polen. 3 av våre knatter (Glenn Moi, Lasse Fredriksen og

Espen Sundvor) er medlem i danske klubber og kjører i ligaen der, men deltar også i mange åpne løp. Dette gir god trening og godt samhold på tvers av landegrensene.

Flere av microene våre er også medlemmer i danske klubber og deltar i den danske ligaen. Men enda flere av 50cc deltar i dei mange åpne løpa som finnes i Danmark. Der er speedwaymiljøet stort.

Elgane MK er Norges største speedwayanlegg har et helt nyrenovert klubbhus. Her har det gått med mange dugnadstimer. Vi takker medlemmene våre for stor- og flott innsats! Vi har pusset opp kjøkkenet, fellesrom, gang, garderober og toaletter. Nå ser det kjempeflott ut! Speedwaybanen er godkjent av FIM til avvikling av internasjonale løp. Begge speedway- banene ble i høst fylt med masse, så nå er det flotte kjøreforhold for både store og små.

Nå er speedwaysesongen godt i gang og det er stor aktivitet på løpssida. I år skal vi arrangere både nordisk- og norsk mesterskap 80cc, norsk mesterskap 500cc par og flere ligaløp. Speedwaygruppa har også fått utdanna flere- og fornya funksjonærstaben, så nå blir det bedre å arrangere løp.

Elgane deltar i år med to 1. divlag; Elgane 1 og Elgane 2. Elgane 1 består av Mikke Bjerk, Inge Bjerk og Geir Ove



Salte. Elgane 2 er Tage Skretting, Remi Ueland og Roy Kenneth Håland. Det er også 2 div. liga som er for nybegynnere.

Vi arrangerte 1. runde i 1 div. lørdag 28. april. Vi takker publikum som kom og så på. Det er kjekt! Her deltok Elgane 1. Før løpet startet hadde 11 av microene våre oppvisningsløp. Søndagen arrangerte Riska 2 runde. Her deltok både Elgane 1 og Elgane 2. Før løpet starta fikk microer ha oppvisningsløp, 8 microer deltok, alle fra Elgane.

Speedwaygruppen v. Annette



ATV

SESONGSTART PÅ ELGANE MOTORSTADION:

31. mars og 1.april startet sesongen for alvor med treningssamling for ATV-cross og Motocross med sidevogn hos Elgane Motorsykelklubb.

38 ATV-cross og sidevogn-kjørere med følge kom for å få prøvd ut sykler og kropper som har hatt vinterdvale.

Selv om været var kaldt var det sol og fint på lørdag, litt regn og rufsevær på søndag, men slikt stopper ikke motorsportfolk.

Arrangementet var svært vellykket med mye god kjøring og med mange gode "drøsa" og hyggelig samvær.

Neste arrangement for oss er Nordisk Mesterskap for ATV-cross og Motocross Sidevogn lørdag den 23.juni. Det er første gang i Norge ett slikt arrangement går av stabelen, så jeg vil oppfordre alle som liker action å komme og se. Et unikt og spektakulært show rett og slett.

Linda Husveg

AKTIVITETSKALENDER

Lørdag 23. juni

NORDISK mesterskap ATV og sidevogn

Lørdag 28. og Søndag 29. juli
NORDISK mesterskap 85ccm SPEEDWAY

Lørdag 11. august

Liga runde SPEEDWAY

Lørdag 1. og Søndag 2. september

Vestlandsmesterskap MOTOCROSS

Lørdag 15. september

Norgesmesterskap ATV - dag

Norgesmesterskap par SPEEDWAY - kveld

Dato for klubblop alle 3 grener er ennå ikke bestemt
For mer info, gå inn på www.elganemk.no her kan du også bli medlem eller støttemedlem.

På nettsiden vår er det også informasjon om alle treningstider, og det blir lagt ut fortløpende dersom det blir forandringer.

Elgane er også på facebook



Bondeopprør i hovudstaden

(etter brot i jordbruksforhandlingane mellom staten og bondelaga)

Mandag 21. mai var vi 6 opplagte karar som stilte på Sola flyplass kl 9.00 om morgonen. Fjøsstellet var då unnagjort tidleg.

Der kom vi saman med 2300 bønder og sympatisører frå heile landet i bakgarden til Norges bondelag sitt kontor. Her fekk vi servert nistpakkar, kaffi og juice.

Etter at toget hadde starta stod vi framleis "som sild i tønna" og venta i ca 20 minutt før vi kom i gang.

Det var mykje liv og røre i toget. Ca 40 traktorar, kubjeller, syrekanner som blei brukt som trommer og ulike opprop gav god gjenlyd i storbyen.

Vi gjekk i Karl Johans gate, rundt Stortinget og vidare mot Akershus festning. Toget blei avslutta utanfor Statsministeren sitt kontor der det vart avlevert ulike appellar til m. a. landbruksminister Lars Peder Brekk.

Etter mange inntrykk, og god magefølelse av at aksjonen var vellykka, kom vi trøtte og fornøgte heim att til Varhaug kl. 19.00.



På tur: Oddvar Ueland, Tommy T. Skretting, Tarald Ånestad, Geir Erik Aanestad, Erik Skogstø, Ole Andreas Aarsland.

Maskinstasjon: Skurtresking Traktor og dumper	Verksted: Salg av landbruksutstyr Salg av landbruksdekk/felger Reparasjon av landbruksdekk Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr	
JG MASKIN Jan Gunnar Undheim Kvernåvold - 4360 VARHAUG TEL 91 48 98 08 Mob. 96 82 84 10 127 72 00 83		

SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING

ÅNESTAD
MASKINSTASJON

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

SpareBank
SR-BANK

Sammen får vi ting til å skje.



Lensmannsløa – da er vi endelig i gang igjen

Den 20. Mars i år fikk vi igangsette stillatelse for løa på lensmannsgården, og vi er allerede godt i gang med dugnad, og planer for innreising av løa. Dette gjør at vi etter lang tids venting nå endelig kan se fremover til åpningen av ett etterlenget kulturbygg for lag og organisasjoner. Blant annet kan vi nevne eget lydisolert øvingsrom, løeståvå for mindre selskap og tilstelninger og ett stort lærerom for diverse utstillinger og aktiviteter.

Under Varhaugmarken 1-2 Juni vil løa være åpen for interesserte på lørdagen mellom kl. 10:00 og 12:30. Kom gjerne innom for omvisning og en drøs.

Sjekk og vår nettside på www.lensmannsgarden.net for mer informasjon.

Ønsker du en omvisning en annen dag, kan du ta kontakt med leder Kjetil Skrettingland på tlf. 995 30 456

Vi har alltid behov for folk og lag som ønsker å bidra med dugnad. Har du lyst til å være med ta i ett tak i løa, ta gjerne kontakt med dugnadsansvarlig Hans Vigleik Jacobsen på tlf 976 88 571 eller e-post: hans.vigleik.jakobsen@lensmannsgarden.net

For styret i Vennelaget

Tom Magne Ueland

Sy treffet til Varhaug bygdekvinnelag



Marie Aniksdal, ei av dei unge i laget, fekk ideen til dette treffet, som vart arrangert på skulen 17. mars. Dette var vellukka, så det vil koma eit nytt til hausten. Då me var oppom var det 4-5 damer i sving med symaskinen, og det var utrueleg mykje fint dei hadde laga, både til seg sjølv og andre. Takk Marie for både ideen og gjennomføringa av sy treffet. Me ser fram til hausten!

Helsing styret i Varhaug bkv.

"Mødeplassen" i Sentrumsgården

Dette er to forskjellige ting, men høyrer likevel saman på eit vis. Det var i Sentrumsgården Turid, Kirsten og Liv, saman med ordføraren møtte Steinar for å snakka om og sjå på lokalet som seinare er kalla "Mødeplassen". Då møtte me og Leon, som skal driva kafeen i bygget.

Den første "offisielle" samlinga her var då Steinar & co i Jærbladet ba inn Varhaugbygda til informasjonsmøte med kaffi og kaker. Dei Haugseng er ikkje kjende for å vera smålege, så har var det i alle fall mykje meir kaker/kaffi enn me klarte eta opp. Men det vart nokre glade folk både på skule og sjukeheim dagen etter!

Dei frammøtte fekk i tillegg til kakene ein fyldig og god informasjon både om kva som skulle skje inni det gamle bygget, og ikkje minst om planane for nybygget og og den nye samlingsplassen, som seinare har fått namnet "Mødeplassen".

Den neste var då Turid, Kirsten og Liv bad inn til info-møte om "Mødeplassen". Her var pensjonistlaget, røde kors og bygdekvinnelaget representert i tillegg til ei framand dame som var ute å lufta hunden. Ho tykte "Mødeplassen" virka spennande, og lurde på om det kanskje kunne verta noko med maling. Me sa som me har sagt mange gonger før, det er dei som vil bruka lokalet, som skal vera med å bestemma kva "Mødeplassen" kan nyttast til. Så her er det berre å koma med forslag. Noko er allereie på gang, men me håpar sjølv sagt på fleire gode idear. Det er berre å ta kontakt med Turid eller Kirsten



Elisabeth Lode og Threse Lauritsen hadde rigga seg godt til på første rad.



Litt frå bygdekvinnelaget

Dei vil som vanleg ha stand under Marken, der dei vil selja kaffi og lappar. Så tek dei ferie til august, og den årlege basaren.

Varhaugbuen

Dei har i fleire år vore representerte på Varhaugmarken i teltet til bygdekvinnelaget. Der vil dei og vera i år, men nå vil de og frå treffa nokre frå styret. Der kan de koma med tips om kva me bør skriva meir om, kva de saknar i bladet osv. Alltid gildt med tilbakemeldingar, enten det er ris eller ros. Sjølv sagt er ros gildast, men ris gjer at me som arbeidar med bladet strekkjer oss endå lengre for å få til eit gildt blad. Så her er det berre å koma med begge deler (om du har det). Red

Lerbrekksbrua

Endeleg etter 3 år, skjer det visst noko her. Eg har snakka med ordføraren, som fortalde at dei hadde hatt kontakt med vegvesenet. Nå var det berre jernbanen igjen. Det hadde vore greitt og fått ordna denne brua nå, når likevel lina er stengt om natta, så det håpar me verkeleg dei får til. Meir i neste nummer.... Liv





Vinn eller forsvinn



**9. mai framførde
9ande klassingane
musikalen Vinn
eller forsvinn.**



55 elevar hadde i fleire veker jobba med musikalen. Dei har øvd i skuletida, men manus har dei hatt som heimelekse. Lærar Hilde Steen Helland seier det har vore knallgildt å jobba med elevane på denne måten. Alle elevane har vore med på eit eller anna. I tillegg til dei ca 30 som er på scenen, har dei andre jobba med kulissar, lyd og lys, laga plakatar, baka kaker, som vart selt i pausen og samla inn gevinster til utloddinga til slutt. Det var ein gild musikal, med mykje songglede, men og med eit alvorleg budskap i handlinga.



Gild familiedag i Varden

Hå historielag, Kystlaget, Dykkarklubben og Jærmuseet hadde den årlege dagen i Varden 20. juni i kjempeflott ver, og med Vigrestad skulekorps som slo an tonen. Folk strøymde tidleg til dei ymse aktivitetane, og me i historielaget, selde ut alt me hadde av både pølser og lappar litt for tidleg. Etter all kulde og regn me har hatt i det siste, ville både store, og ikkje minst dei små, ut for å kosa seg. I Varden fekk dei hoppa tau, som var laga i den gamle reparbanen, dei skaut opp rakettar, laga seg småbåt, eller fekk seg ein luftetur i redningstolen. Det var helst kø overalt, men ventetida vart nytta til eting eller litt ”fjell-klattring”.



La hagen blomstre – den store hagekonkurransen

Som annonsert i forrige nummer av Varhaugbuen er det nå klart for å konkurrere om å ha beste hage. Hageselskapet Hå vil sørge for to kompetente dommere, de kommer fra hhv Brusand og Vigrestad.

Det vil bli konkurrert i 2 klasser med 3 pengepremier i hver klasse:

Klasse 1: vanlig hage

(premier: kr 1000, kr 500, kr 300)

Klasse 2: verandakasse eller liten terrassehage.

(premier: kr 500, kr 300, kr 200)

Konkurransen er slik: påmelding kan skje fram til 15. juni. Da starter konkurransen, og den avsluttes når sommeren er over, eller rettere sagt 29. august (som er frist på stoff til neste Varhaugbuen). Det betyr at dommerne vil reise rundt og se på de påmeldte hagene flere ganger i løpet av sommeren. Avgjørelsen om hvem som kommer på de tre første plassene i hver klasse blir kunngjort i neste nr av Varhaugbuen som kommer i september.

Men skal det bli konkurranse om Varhaug's fineste hage, så må vi ha deltakere. Og da spør det om hageeierne våger melde seg på selv, vi er jo ganske beskjedne på egne vegne de fleste av oss.

Kanskje vi kan be dere som er naboer til de beste hagefamiliene i Varhaug om å melde på naboen?



Eksempel klasse 1 : Vanlig hage



Eksempel klasse 2 : Verandakasse

Påmelding kan skje ved at navn og adresse og hvilken klasse en deltar i ringes inn til en i styret for Varhaugbuen, eller aller helst og enklest at det blir sendt som e-post til Varhaugbuen (post@varhaugbuen.no)

Med hagehilsen fra Per-Arvid

Ein lørdag føremiddag på Spar

Kvart år har Forsamlingshuset på Ueland basar. Dette året hadde dei lagt ein dag med loddsal til Spar, i tillegg til at dei selde kaffi og kaker. Syskjå frå Staurhodel var med og sette farge på loddsalet. Dette var litt anna enn berre å sitja der med ei loddbok, og eit festleg innslag. Det vart og litt song, då.... kom med gitaren, og Staurhodelgjengen fekk "kafe-gjestene" med på syn-ginga. (Eg sa til Grethe: "Kva skal me gjera når me skal selja lodd til vår basar til hausten?") Jamfør hoppinga etter Wirkola!

Men det var ikkje berre dette som skjedde den dagen. Arvid Mæland marsjen, som nå gjekk for 4. gong, had-

de starta i Eigersund kvelden før. Dei hadde gått via Brusand, Steinkjerringa og til Karlsbu, der dei hadde frukost. Der og då bestemte dei seg for å svinga innom Spar når dei kom til Varhaug. Var det kanskje for å heidra Gordon og Årets Sparbutikk, eller fordi dei då trengde ein liten pause?

Eg var ikkje der då, men har fått tekst og bilete av far til Arvid, som fortalde at det var 41 som starta på marsjen, som er på 10 mil, og det var 18 som fullførde. Dei 5 første som gjekk i mål på Huse på Jæren brukte 18 timar og 45 minutt. Dei siste 3 timar meir.

Liv



Årets Sparbutikk, Gordon Bøe



Årsmøte i Varhaugbuen 16. april 2012

Til årsmøte for Varhaugbuen på internatet 16. april 2012 kl 19 møtte desse: Sigbjørn Lerbrekk, Magnhild Ånestad, Elisabeth Lutsi. Jon Harald Håland, Jone Bryne, Aud Bratland Bø, Inger Haugstad, Per Arvid Jakobsen og redaktør Liv Hobberstad. Aud og Gustav Håland og Oddvar Ånestad var og inviterte. Ole Andreas Årsland hadde meldt forfall. Leiar Jon Harald Håland vart vald til å leia årsmøtet. Det var ingen merknader til innkalling og sakliste. Årsmelding blei opplest av leiaren, og rekneskapen gjennomgått av kasserer Jone Bryne

ÅRSMELDING 2011

Varhaugbuen kom som planlagt ut 4 gonger i løpet av året. Ein trykkjer 1700 eks. kvar gong. Me prøver å ha eit variert innhald og ikkje meir annonse enn naudsynt for å dekkja trykkekostnadane. Økonomien er god og stabil. Me byggjer litt resultat kvart år, og i år går bladet med eit overskot på kr 27.662,30. Resultatet er litt varierende frå år til år, avhengig av om alle annonsørane har betalt før nyttår eller etterpå. Me har stadig fleire abonnentar, litt kjem frå grasrotandelen og mange er rause med betalinga av gåvegiroen.

Det er halde 4 styremøter og handsama 32 saker i løpet av året.

Dette året har Varhaugbuen og engasjert seg i saka om utsmykking av Varhaug Sentrum. Fleire organisasjoner arbeider med undersøkingar om mulighet for innkjøp av diverse husdyr som kan plasserast rundt om i sentrum. Ein ser det er naudsynt med ein komite som kan koordinera dette arbeidet og ha kontakt med kommunen. Varhaug Bedriftsforening bør og vere sentral i dette arbeidet... Ein god start var Steinbukken som er plassert i rundkøyringa i Prestakrysset

Ein annan ting som er kome på dagsorden er premiering av finaste hage her på Varhaug, så dette vert det arbeida vidare med.

Redaktøren gjer eit stort og godt arbeid og er ein viktig person for Varhaugbuen. Liv har fått litt godgjersle for porto og kjøring dette året. Det tykkjer me ho fortener.

Det er godt frammøte på styre-/redaksjonsmøtene og god stabilitet i styret.

Styret i 2011 har vore;

Leiar:	Jon Harald Håland	VBF
Nestleiar:	Per-Arvid Jakobsen	Varhaug Misjonshus
Kasserar:	Jone Bryne	Svala 4H/BU
Sekretær:	Inger Haugstad	Vennlaget Lerbrekk skule
Styremedlem	Elisabeth Lutsi	Varhaug Bondelag
1.vara:	Steinar Malmin	Varhaug Skulemusikkorps
2.vara:	Ole Andreas Årsland	Varhaug bondelag

Nytt frå Misjonshuset

No nærmar det seg ei tid med lite aktivitet på Misjonshuset.

Det vert stemne i hagen til Ole Andreas Årsland på Dysjaland søndag 3. juni, same helga som Varhaugmarken. Tidspunkt: kl 1400, grillen vert tent halv ett.

Der vert det grilling, aktiviteter for barn, møte der den nye presten i Hå, Lars Sigurd Tjelle, deltek. Det vert frisk song og musikk av trekkspillklubben.

IMF (IndreMisjonsForbundet) skal ha kretsårsmøte på Misjonshuset helga 15-17. juni. Det vert mellom anna to konsertar, laurdag 16/6 kl 2200 kjem "Salvare" og på søndag 17/6 kl 1900 kjem "Reggie & Ladye Love Smith"!

Sjå gjerne på nettsida til misjonshuset: www.varhaug-misjonshus.no og aktualitetssida <http://www.varhaug-misjonshus.no/wordpress/>

Det er kontortid måndagar og torsdagar kl 1900-2100, og telefon er 51430808

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



Ut på tur – aldri sur

Veka etter påske starta Varhaug bygdekvinnelag med turgåing. Me møter opp på Iden kl.10.00, og så går me ein tur i nærmiljøet med Oddbjørg Skrettingland som los. Har du lyst å vera med, så er det berre å koma. Dette er for alle i bygda som gjerne vil gå ein tur saman med andre. Losen fører an, men du vel sjølv både tempo og kor langt du vil gå. Me har vore 10-15 stk, og det tykkjer me er veldig gildt. Siste turen før ferien går til Eigersund. Då tek me tog til Hellvik, går til Eigersund, der me kosar oss med litt mat, før me tek toget heim. Og så er det på an igjen til hausten. Aud B.B.



Hagekonsert

Når eg lagar nytt blad, ser eg oftast tilbake på same nummeret i fjor; kva skreiv me om då? Mellom anna hagekonserten til Snefrid og Hans Åsbjørn. Dette vart jo ein så vellukka konsert, at det var mange som snakka om at dette burde dei fortsetja med. Eg tok ein telefon til Hans Åsbjørn. Vert det konsert i år?. Kanskje, viss han berre fekk tak i dei som skulle underhalda. Her om dagen fekk eg ein telefon: “Jau, det vert konsert”. “Då bør du ta inngangspengar, for det var det mange som sa i fjor, sa eg.” Og slik vert det:



Sommarkonsert i hagen hos Snefrid og Hans Åsbjørn Skretting

lørdag 4. august kl.16.00

Musikk av Lappeteppe og TrioBlå

Sal av grillmat og drikke

Inngang kr. 50

Ev. overskot vil gå til eit godt formål.

Alle velkomne

Husk å ta med noko å sitja på, og godt humør



3 lag på tur

Eindel av deltakarane på turen, frå Jærhatten og Bygdekvinnelaget

22. mai reiste Jærhatten, Varhaug bygdekvinnelag og Varhaug pensjonistlag på tur til Finnøy. Dette var eit opplegg i regi av Ryfylke Livsgnist med Skeiseid og Nordbø (dei frå bedehusland). Me hadde jo eit fantastisk flott ver, som sette ein ekstra spiss på dagen, enten me var i kyrkja på Talgje eller på tyskarfestninga på Vignes. Her vart historiske fakta presentert på ein heller humoristisk måte, men likevel kjende med alvoret i tida for 70 år sidan. Maten me fekk servert inne i den mørke bunkersen, villsau suppe, var heilt topp. Bunkersen var heilt autentisk slik som tyskarane bygde den i 1941.

Takk til Oddgeir, som hadde ordna det meste for oss.



16. mai tog



Då det ikkje passa å leggja barnetoget om Klokkekarhagen, stilte Varhaug skule opp med over 100 elevar, som hadde ein liten minikonsert i hagen. Det pøsregna, men ungane var godt kledde, så det såg ikkje ut til å gjera noko der dei stod i regnet og song av full hals. Dei var veldig flinke, og både personell og bubuarar vart imponerte, og ikkje minst takksame. Ein del av bebuarane tok mot dei med flagg og ropa hurra, og etter konserten fekk alle ein is før det bar tilbake til skulen. Eit flott tiltak.

Nå æ dæ ting på gang i sentrum av Varhaug

Til og med Stavanger Aftenblad har fått med seg at endeleg skjer det noko i Varhaug sentrum, og hadde på laurdag ei heil side om dette. Varhaugbuen var innom Sentrumsgården seinare på dagen, og då var Steinar, Rune pluss eit par til i full gang med rigging av leikelandet. Det såg nå ganske kaotisk ut, men det skal verta spanande når alt er klart. Her får me og den lenge etterlengta kafeen og ikkje minst "Mødeplassen" for mange slag aktivitetar i tillegg til frisør og andre butikkar. Dette ser fleire fram til.

I gamle bankbygget vil det og skje noko. Her har lokale ungdomar nyleg kjøpt bygget, som dei skal overta 1. juli. Kva planar desse har, får me vel vita meir av til neste nummer av Varhaugbuen.

Nå treng me i alle fall ikkje lenger snakka om the ghost street.

Liv

Fotoutstilling og kunst

I sist nummer av Varhaugbuen, hadde Arnstein Skretting 3 innlegg om foto, kunst og eldre jordbruksreiskap. Dette har det vore liten eller ingen respons på. Eg snakka med Arnstein her om dagen, som sa han hade teke til etterretning at det ikkje var interesse for forslaga hans. Eg tykkjer det er trist at folk ikkje vil engasjera seg meir, når det dukker opp noko nytt. Men kanskje det kan ligga og modnast litt til? Eg hadde verkeleg håpa at det var mange her som hadde reagert, særleg med tanke på fotokonkurransen og eldre jordbruksreiskap. Stå på vidare Arnstein, eg tykkjer du er kjempegod.

Liv

Eldretreff på Lerbrekk



Dette bilete er teke 5. okt. 2000 - Historiens første eldretreff på Lerbrekk skule.

1. rad f.v.:

Berta Kristina Reiestad,
Elise Marie Fjellstad
Håland, Tora Djøseland,
Elisa Djøseland.

Misjonshusets eldrelag la samlinga si til den gamle skulen på Lerbrekk onsdag 16. april. Sjølv om veret ikkje var i det turraste laget, kunne Lars Jan Nord-Varhaug ynskja 46 stk velkomne då klokka var 14.00

Ognatun leverte god middag med sviskegraut og fløte til. Kaffi og snop kom og på bordet. Serveringa var det Bjørg Toft Eriksen, Anne Varhaug Nordkil og Astrid Varhaug som tok seg av. Torgeir Lauvås frå Riska var med for å halda andakt og syngja. Til allsongen var Brit Obrestad ved orgelet, og Sigbjørn styrde song utvalet. Det vart ei reise gjennom "Fagert er landet", "Kom mai du skønne milde", "Gryta hennar mor" til "Gje oss ei nådestund, vår Jesus" til "Til det gamle ærverdige kors" og "Med Jesus vil eg fara" for å ha nemnt noko av det me tok for oss. Mange fekk og med seg ein plante heim, då alle fekk kvar sitt "gratislodd" då inngangspengane vart betalt.

Det vart mange godord å høyra frå dei frammøtte, då vårfesten var over, litt etter kl. 16.00. Gildt å få bruka den gamle skulen på denne måten og.

Sigbjørn

Varhaug Blomster Atelier

åpnar og dørene under Varhaug Marken. Dagleg leiar, Nineth Thorsen, kjem frå Drammen der ho har blomsteratelier i Lier. Ho er 38 år, har mann og 3 barn.

Nineth er oppvaksen på Sandnes, gjekk på skule i Stavanger, før ho begynte som lærling i Kr.sand og enda til sist opp i Drammen. Då det vart noko endring i planane hennes, kjem ho ikkje sjølv til å vera så mykje i butikken på Varhaug. Ei dame med fagbrev er tilsett, og skal ta seg av det daglege salet. (Steinar seiar han i løpet av eit år skal få overbevist dei om at rette plassen å bu på, er her på Varhaug, så nå får me berre venta og sjå)



Stoff-frist

Neste nummer av bladet skal ut i veke 37, og stoff-fristen er 29. august.

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.

Tjuvstart på Marken

Som de vil sjå av programmet på side 2, så starter Varhaugmarken kl. 17.00.på fredagen. Men allerede kl. 10.00 vert det offisiell åpning av Sentrumsgården og Leikelandet, der ordføraren, som er van med å klyppa snorer etter kvart, vil ta seg av den delen. Etterpå kjem eit halvt hundre skuleungar for å innvia dei ymse apparata.

Elgane Motorsykkelklubb

Me vil ynskja Elgane motorsykkelklubb velkomen som medeigar i Varhaugbuen. Me utfordrar andre lag/organisasjonar i bygda til å vera med oss.Nå har me fått ein ny fot "å stå på" men det er plass til fleire.

For styret i Varhaugbuen: Jon Harald Håland.

Kjøp forsikringene dine hos oss!

Våre åpningstider

Mandag, tirsdag, onsdag og fredag:

kl. 09.00-15.00

Torsdag:

kl. 09.00-17.30

TIME SPAREBANK
- for Jæren

Rådhusgata 3 - Postboks 83 - 4368 Varhaug - 51 79 83 00
www.time-sparebank.no

 **TIPPING**
WWW.NORSK-TIPPING.NO



BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55

Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30
Søndag 10.00 - 22.30